

KULTURMINNEPLAN

VERNEVERDIGE BYGNINGAR OG BYGNINGSMILJØ I NORDHERAD, - EIT UTVALD KULTURLANDSKAP

Godkjend av Vågå kommunestyre sak 51/18, 18.9.2018



Vågå kommune

FORORD

Vågå har ein rik kulturarv. Det er viktig å ta vare på desse verdiane for framtida. Den materielle og immaterielle kulturarven er viktig for identitet og gjev grunnlag for natur- og kulturbasert næringsutvikling og for å skape attraktivitet.

God forvaltning krev kunnskap både om kulturminna og historia og om kva som skal til for å ta vare på desse verdiane. Kulturminna blir tekne vare på av eigarar og brukarar gjennom vedlikehald og skjøtsel. Kommunen har ei viktig rolle som forvaltar av kulturminne. Gjennom arealplanlegging og byggjesakbehandling skal også kulturarven ivaretakast.

Vågå kommune takkar Gudbrandsdalsmusea for at dei hadde moglegheit til å ta på seg oppdraget med registrering og verdisetting av verneverdige bygningar og bygningsmiljø. Ein stor takk også til Svein Jetlund, Nord-Fron kommune, for hjelp og tilrettelegging knytt til bruk av og tilpassing av programvare og digitale verktøy.

Rådmannen

Framsidedfoto: ©Vågå kommune, Roar Strand. Landskapsfoto, Nordherad.

Foto siste side: ©Vågå kommune, Geir Olsen. Frå Valbjør gard, Nordherad.

INNHALD

Innleiing.....	4
Målsetting.....	4
Prosess og medverknad.....	4
Plantype.....	5
Plangrunnlag.....	5
Nasjonalt nivå – lovverk og st.meld.	5
Regionalt nivå – fagmelding for kulturarv.....	5
Lokalt nivå – Kommunal planstrategi og kommuneplan.....	6
Kommunal planstrategi	6
Kommuneplanens samfunnsdel	6
Kommuneplanens arealdel.....	6
Nordherad – status som utvald kulturlandskap i jordbruket (UKL)	9
Registrering og verdisetting	9
Resultat kulturmiljø.....	10
Resultat enkeltobjekt	10
Korleis ta vare på verneverdige bygningar og bygningsmiljø?.....	11
Forvaltning og retningslinjer for saksbehandling	11
Formidling og dialog.....	11
Verdiskaping.....	12
Økonomiske stønadsordningar	12
OPPSLAGSDEL/VEDLEGG	
1. Ordforklaringar.....	
2. Gudbrandsdalsmusea sin rapport: «Registrering av bygningar i Nordherad 2016-17»	
3. Samletabell – verneverdi for kulturmiljø og for enkeltbygningar	
4. Registrering med verdivurdering for kvart gardstun/bygningsmiljø.....	

INNLEIING

Dei siste åra har kommunane kunna søkt om midlar til lokale registreringar av kulturminner, for utarbeiding av kulturminneplanar som ledd i Riksantikvaren sitt prosjekt «Kulturminner i kommunen». Riksantikvaren har oppmoda kommunane til å prioritere lokale registreringar av kulturminner som ikkje blir ivaretekne gjennom lovpålagte oppgåver hos sentrale og regionale organ. Dette gjeld m.a. kulturminne frå nyare tid, som kommunen som planstyresmakt har eit særleg ansvar for. Her kan ein kulturminneplan vere et godt verktøy for å trekkje fram og prioritere kulturminne som er særleg verdifulle.

Nordherad har status som utvald kulturlandskap i jordbruket (UKL). Ein stor del av kulturlandskapsverdiane i Nordherad er knytt til dei mange verneverdige landbruksbygningane. Dette er bakgrunnen for at kommunen, som eit samarbeid med Fylkesmannen v. UKL, og med bistand frå Gudbrandsdalsmusea, søkte om midlar til meir grundige registreringar av bygningar og bygningsmiljø i Nordherad. Søknaden er forankra i Vågå formannskap, møte 2. februar 2016 sak 4/16. Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg (HOKO) og Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning (HTLN) vart orienterte om søknaden. Kommunen fekk tilslag på søknaden, og midlane er brukt til gjennomføring av bygningsregistreringar, ved kjøp av tenester frå Gudbrandsdalsmusea.

Utgangspunktet til kommunen ved søknad om midlar, var eit ønskje om å kome i gang med kulturminneregistreringsarbeid og at ein temaplan for kulturminne avgrensa tematisk og geografisk til bygningsregistreringar i Nordherad ville vere verdifullt også i eit seinare planarbeid med utarbeiding av ein heilskapleg kulturminneplan for kommunen som famnar fleire tema.

MÅLSETTING

Formålet med registreringsarbeidet er å få enda betre oversikt over verneverdige bygningar og bygningsmiljø for betre å kunne ivareta og sikre desse.

Betre oversikt over verneverdige bygningsmiljø og enkeltbygningar vil gje eit betre grunnlag for prioritering av tiltak og oppfølging av Nordherad som kulturlandskapsområde. Betre oversikt over verneverdige bygningsmiljø og enkeltbygg vil også generelt vere nyttig i kommunal forvaltning, herunder plan- og byggesaksbehandling. Betre dokumentasjon av verneverdi vil gje eigarane eit betre grunnlag for å søkje om midlar til bevaring og styrke søknader om tilskott til tiltak for bevaring.

I Nordherad er eigarane godt kjende med verdiane knytt til kulturlandskapet og bygningane her. Det er også eit mål at bygningsregistreringa vil bidra til enda større medvit knytt til verneverdiane.

PROSESS OG MEDVERKNAD

Kommunen oppretta ei arbeidsgruppe der følgjande har vore representert: Gudbrandsdalsmuseet v. bygningsvernrådsgjevar Håvard Syse, Fylkesmannen i Oppland v. Stig Horsberg, Oppland fylkeskommune v. Magnhild Apeland og Torill Nygård, Vågå kommune v. Ingunn Moen Helland. Det har vore møte med sektorområde i kommunen, som landbruk, kultur og teknisk der det er gjeve

informasjon om arbeidet og drøfta ulike sider ved planen. Landbrukskontoret har, gjennom si rolle i Nordheradsprosjektet, vore med i utarbeiding av plandokumentet.

Under sjølv registreringsarbeidet har Gudbrandsdalsmuseet vore arbeidande prosjektgruppe og øvrige representantar i arbeidsgruppa har da fungert som styringsgruppe. Leiar i Vågå historielag og leiar i Nordheradsprosjektet har vore referansegruppe og vore invitert til møta.

Bygningsvernrådsgjevar Håvard Syse gjennomførte i løpet av sommaren/hausten 2016 registrering. Kommunen fekk på nyåret 2017 eit utkast til rapport. I perioden fram til høyring har det vore arbeid vidare med detaljering av arbeidet.

Metodikk og gjennomføring er omtalt i Gudbrandsdalsmusea sin rapport. Dei lokale registreringane som er gjort, er samanstilt i ein rapport. Som del av registreringane måtte det også gjerast verdivurderingar, jf. Riksantikvarens sine krav til kulturminneplanarbeid.

Alle huseigarar vart i forkant av registreringsarbeidet varsla av kommunen, ved brev datert 4.7.2016, om registreringsarbeidet og arbeidet med ein tematisk kulturminneplan for Nordherad.

PLANTYPE

Planen er ein tematisk plan for kulturminne. Planen er avgrensa tematisk og geografisk. Planen er ikkje ein kommunedelplan. Rapporten utarbeidd av Gudbrandsdalsmusea med registrerings- og vurderingsskjema utgjer hovuddelen av planen.

PLANGRUNNLAG

NASJONALT NIVÅ – LOVVERK OG ST.MELD.

Følgjande lover og Stortingsmeldingar er styrande for forvaltning av kulturminne

- Lov om kulturminner (kulturminnelova)
- Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)
- Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner.

REGIONALT NIVÅ – FAGMELDING FOR KULTURARV

Oppland fylkeskommune si fagmelding for kulturarv som vere eit prioriteringsverktøy for den regional kulturminneforvaltninga. Fagmeldinga skal verdsette og prioritere kulturminna i dei ulike regionane og kommunane i fylket. Hovudmålsettinga er at forvaltningsarbeidet skal styrast til dei viktigaste og mest verdfulle kulturminna og -miljøa, slik at desse kan sikrast for framtida og aktiverast som grunnlag for opplevingar og næring.

LOKALT NIVÅ – KOMMUNAL PLANSTRATEGI OG KOMMUNEPLAN

KOMMUNAL PLANSTRATEGI

I kommunal planstrategi 2016-2020 er kulturminneplan blant planane som er oppført som prioritert i planperioden 2016-20. Ein heilskapleg kulturminneplan for kommunen vil vere eit større planarbeid. Den tematiske kulturminneplanen for bygningsmiljø i Nordherad vil vere eit element i ein heilskapleg kulturminneplan for kommunen og er eit første steg i eit slikt arbeid. Samtidig vil den tematiske kulturminneplanen stå på egne bein.

KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

I kommuneplanens samfunnsdel er det plukka ut fire hovudfokusområde med ulike satsingsområde. Satsingsområda viser kva kommunen ønskjer å rette særskilt fokus på i planperioden. Innanfor kvart satsingsområde er det definert mål. Det er sett opp kva strategiar og vegval kommunen meiner må til for å nå måla.

Under fokusområdet *Næringsutvikling* er kvalitetane Vågå har når det gjeld kulturlandskap, kultur, kunst, historie, mattradisjon og gamle næringar omtalt som viktig potensiale for å skape nye attraksjonar og tilbod.

Under fokusområdet *Stadutvikling* er «Byggeskikk – identitet og heilskap» eit eige satsingsområde. Blant strategiane som er nemnde her, er m.a. at bygningar og bygningsmiljø det er knytt verneinteresser til, skal ivaretakast som ein viktig del av Vågå sin identitet. Vidare er det omtalt at det skal leggjast vekt på god dialog mellom kommune og tiltakshavar for rettleiing og vurdering av moglege løysingar.

KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Som planstyresmakt forvaltar kommunen kulturhistoriske verdier. God forvaltning krev kunnskap om verdiane. Kommuneplanen legg klare føringar for ivaretaking av verneverdier knytt til bygningsmiljø, kulturmiljø og kulturlandskap. Nedanfor er det det vist til føresegnar og retningslinjer i kommuneplanens arealdel.

❖ *Generell føresegn om bygningsmiljø og kulturmiljø*

Kommuneplanens arealdel har føresegnar som skal sørge for ivaretaking av bygningsmiljø og kulturmiljø.

Kommuneplanføresegn § 8.2 om bygningsmiljø og kulturmiljø:

«Alle tiltak skal vurderast ut frå eksisterande bygningar, bygningsmiljø og kulturlandskap. Verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast i vare som bruksressursar. Det skal leggjast opp til ein god dialog med tiltakshavar for vurdering av nye stilartar og materialbruk.»

❖ **Omsynssone med retningslinjer - område med særleg verdifullt kulturlandskap**

I kommuneplanens arealdel er kulturlandskapet i Nordherad særskilt ivareteke gjennom eiga omsynssone (pbl § 11-8 c) for område med særleg verdifullt kulturlandskap (H570_1). Til denne omsynssona gjeld følgjande retningslinjer:

«Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet vert halde oppe som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv. Det skal haldast oppe eit aktivt og variert jordbruk med beitande husdyr.

Søknader om tiltak som vil kunne få konsekvensar for kulturlandskap skal sendast til uttale til regionale styresmakter eller statleg sektorstyresmakt som kan bli råka. Konsekvensane av varige, fysiske inngrep skal synleggjerast. Kva for dokumentasjon som skal ligge ved søknaden vil variere avhengig av type sak og skal avklarast med kommunen. Innanfor det verdifulle kulturlandskapet skal det førast ein streng dispensasjonspraksis. Alle vedtak om dispensasjon skal sendast til råka regionale eller statleg plan- og sektorstyresmakt, som vil kunne vurdere å klage på vedtaket.

Gamle ferdsselsvegar skal varetakast i størst mogleg grad slik som dei ligg i dag med lineføring, kurvatur, bredde og kantvegetasjon. Der det av omsyn til trafikktryggleik eller farbarheit må gjennomførast tiltak, bør desse gjerast så skånsamt som mogleg. Gamle gutuer og stiger bør ryddast og tilretteleggjast for ferdsel. Ved planlegging av vegar og anlegg for teletenester og energioverføring skal det stillast krav til estetisk kvalitet og utforming.

For område som er markert med omsynssone skal alle tiltak planleggjast og vurderast ut frå eit generelt omsyn til dei registrerte verdiane i området før det kan avgjerast om omsøkt tiltak kan gjennomførast, og kva vilkår som evt skal styre lokalisering og utforming.

Det skal leggjast særleg vekt på kulturlandskapsomsyn ved behandling av saker etter jordlova og tilhøyrande føresegner. Dette gjeld også ved vurdering av om inngrep vil forringe kulturlandskapet skal førhandsgodkjennast jf. miljøkrav i føresegn om produksjonstilskot.»

❖ **Omsynssone med retningslinjer - freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar**

Kommuneplanens arealdel viser omsynssone for freda lokalitetar/ gardstun/ verneverdige bygningar (pbl § 11-8 c).

For omsynssone for freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar gjeld følgjande retningslinjer:

«Omsynssonen viser freda bygningsmiljø og ev. tiltak må vareta omsynet til dette bygningsmiljøet. Planar for tiltak skal sendast over til kommunen og fylkeskommunen for uttale.»

❖ **Bandleggingssone for område verna etter kulturminnelova**

Kommuneplanens arealdel viser bandleggingssone for område som er verna etter kulturminneloven (jf. pbl § 11-8 d).

For desse områda gjeld følgjande føresegner:

«Innanfor bandlagde område er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som er i strid med bandleggingsformålet. I plankartet er det vist bandleggingszone for område som er verna etter kulturminneloven.»

For desse områda gjeld følgjande retningslinjer:

«Søknad om tiltak i område som er freda, jf. vedtak etter lov om kulturminne skal føreleggjast Oppland fylkeskommune, fageining for kulturvern.»

❖ **Temakart kulturminneverdiar, juridisk bindande**

Omsynssonene og bandleggingssonene er vist i kommuneplanen sitt temakart for kulturminneverdiar. Følgjande soner er vist i kartet:


Bevaring kulturmiljø (PBL § 11 - 8 c)) - noverande (H570)

	Kulturlandskap
	Bergverksemd
	Freda gardstun
	Anna bevaring kulturminne

Bandlegging etter lov om kulturminne (PBL § 11 - 8 c)) - noverande (H730)

	Automatisk og vedtaksfreda lokalitetar (Lokalitetar over 5 dekar er også vist som flate)
---	---

Nedanfor er det vist eit utsnitt av temakartet for kulturminneverdiar. Omsynsona for Nordherad som utvald kulturlandskap er vist med oransje skravur (jf. teiknforklaringa over). Kulturminne bandlagt etter kulturminnelova er vist med punktmarkeringar. Desse lokalitetane er enten automatisk freda lokalitetar eller vedtaksfreda lokalitetar.



NORDHERAD – STATUS SOM UTVALD KULTURLANDSKAP I JORDBRUKET (UKL)

Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet utpeikte i 2009 Nordherad som eitt av den gong 22 utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) i Norge.

Dette inneber at forvaltninga av området skal vere langsiktig og ivareta landskapsverdiane, og forvaltninga skal vere basert på frivillige avtaler med grunneigarane. Kulturlandskapsverdiane skal takast i vare gjennom aktiv landbruksdrift. Kvart år blir det sett av øyremerkte midlar til UKL til investeringstiltak og årleg skjøtsel og vedlikehald, gjennom jordbruksavtala og Klima- og miljødepartementet sitt budsjett.

Nordheradsprosjektet v. styret har overordna ansvar for oppgåver som ikkje ligg til offentleg forvaltning. Prosjektet er organisert som ein fast driftsorganisasjon og har ansvar for samordning av lokal aktivitet, mobilisering, informasjon og planlegging av tiltak. Kommunen har eit ansvar for oppfølging av arbeidet.

I forvaltningsplanen for Nordherad er det sett opp følgjande hovudmål for forvaltninga av området:

1. Eit berekraftig og moderne jordbruk som held jordbruksarealet i aktiv drift
2. Bygningsmassen er i tilfredsstillande stand og aktiv bruk
3. Tilfredsstillande omsyn til og skjøtsel av biologisk mangfald, landskapsbilete og fellesareal
4. Ferdselsårer og eit representativt utval kulturmiljø i god stand og lagt til rette for ålmenta
5. Ei variert, lokal næringsverksemd som utnytter og utviklar kulturlandskapsverdiane
6. God profilering og dokumentasjon av det utvalde kulturlandskapet
7. God lokal mobilisering, organisering og utvikling av grenda

Kulturminneplanarbeidet med bygningsregistrering og verdisetting av kulturmiljø byggjer opp under fleire av hovudmåla i gjeldande forvaltningsplan for Nordherad.

REGISTRERING OG VERDISETTING

Bygningsmiljø (gardstun) som gjennom faglege vurderingar er gjeve verdigrad 1 og 2, og som det politisk er tilslutning til, skal leggst inn i databasen Askeladden. Dette er eit krav som følgjer tilskottsmidlane frå Riksantikvaren. Registreringane som er gjort i Nordherad vil bli lagt inn i kartinnsynsløysinga Innlands-GIS som eit lokalt kartlag.

Som ei nødvendig avgrensing av oppdraget har Gudbrandsdalsmusea gjort vurderingar på bygningsmiljø-nivå (gardsmiljønivå). Det gjev oversikt utan at det blir gått i detalj på kvar bygning. Bygningsmiljøa er naturleg avgrensa som gardstun.

Riksantikvaren si «*Håndbok for lokal registrering*» og *rettleiing vedr. metodikk for verdisetting og verdivekting av kulturminner*» er lagt til grunn i Gudbrandsdalsmusea sitt arbeid. Det er operert med tre typar verdiar:

- ✓ Kunnskapsverdiar / historisk / antikvarisk
- ✓ Opplevingsverdiar / landskapsverdi
- ✓ Bruksverdiar

Gudbrandsdalsmusea har med utgangspunkt i denne metodikken vurdert verneverdi, og gjeve kvart bygningsmiljø ein verdi på ein skala frå 1 til 4, der verdi 1 er svært høg/høg verneverdi og 4 er låg verneverdi.

- Verdi 1: Freda objekt/ miljø (automatisk freda, vedtaks freda) eller fredningsverdig. Svært høg/høg verneverdi
- Verdi 2: Verneverdig objekt/miljø. Høg verneverdi
- Verdi 3: Miljø som har enkeltobjekt av verdi 1 eller 2, eller høg verdi som miljø. Middels verneverdi.
- Verdi 4: Andre. Låg verneverdi.

RESULTAT KULTURMILJØ

Resultatet av Gudbrandsdalsmusea sine registreringar er :

- ✓ 9 bygningsmiljø med verdi 1.
- ✓ 10 bygningsmiljø med verdi 2.
- ✓ 33 bygningsmiljø med verdi 3.
- ✓ 3 bygningsmiljø med verdi 4.

Bygningsmiljøa som har verdi 1 skal allereie vere registrerte i kulturminnedatabasen Askeladden. Bygningsmiljøa som har verdi 2, skal jf. vilkår sett av Riksantikvaren leggst inn i Askeladden.

RESULTAT ENKELTOBJEKT

Saman med rapporten frå Gudbrandsdalsmusea følgjer ein tabell som gjev oversikt over utbreiing og tal hustypar innafor dei ulike bygningsmiljøa. Ut frå denne tabellen får ein oversikt over bygningstypar det er få att av i området og som det er særleg viktig å ta vare på. Dette gjeld m.a. aurbustugu, utløer, tørrstugu, kvernhus og smie.

Nokre bygningsmiljø er i tabellen ikkje oppført med verdivurdering som bygningsmiljø eller for enkeltobjekt. Desse er av Gudbrandsdalsmusea ikkje funne aktuelle å vurdere ut frå t.d. fornying eller tapte verneverdiar.

For bygningsmiljø med verneverdi middels (verdi 3) eller låg (verdi 4), kan det vere enkeltobjekt som har høg verneverdi. Dette skal gå fram av verdivurderinga av kvart enkelt bygningsmiljø og av samletabellen.

Det er gjort greie for registrering og verdivurderingar i rapporten «Registrering av bygningar i Nordherad 2016-17» som Gudbrandsdalsmusea har utarbeidd.

KORLEIS TA VARE PÅ VERNEVERDIGE BYGNINGAR OG BYGNINGSMILJØ?

FORVALTNING OG RETNINGSLINJER FOR SAKSBEHANDLING

Kommunen har ei viktig rolle i miljøvernforvaltninga og eit viktig ansvar som plan- og bygningsstyresmakt. Som planstyresmakt forvaltar kommunen store kulturhistoriske verdier. Registreringane og verdivurderingane skal følgjast opp på følgjande måte:

1. Verneverdige bygningar og bygningsmiljø er viktige element for kulturlandskapsverdiane i Nordherad. Ved tiltak som rår bygningsmiljø og enkeltobjekt som har høg verneverdi (verdi 1 og verdi 2), skal det i behandling av landbrukssaker og plan- og byggesaker følgjast dei generelle føresegner kommuneplanen arealdel har for bygningsmiljø og kulturmiljø, samt dei retningslinjer som kommuneplanens arealdel set gjennom omsynssona for Nordherad som særleg verdifullt kulturlandskap.
2. Omsynet til bygningar og bygningsmiljø som har høg verneverdi skal ivaretakast i all offentlig saksbehandling som kan råke verneverdiane. Planar, eller søknad om tiltak, som rår bygningar eller bygningsmiljø med høg verneverdi (verdi 1 og verdi 2) skal sendast fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt for uttale før det blir gjort endeleg vedtak i saka.
3. Kommunen skal i si saksbehandling legge til rette for god dialog mellom kommune/ fylkeskommune og tiltakshavar for rettleiing og vurdering av løysingar som tek i vare verneverdiane. Kommunen skal gjennom si forvaltning legge til rette for at dei mest sjeldne bygningstypene blir tekne vare på og sette i stand.
4. Bygningsmiljø og enkeltobjekt som er vurdert å ha høg verneverdi (verdi 1 og verdi 2) skal leggjast inn i kulturminnedatabasen Askeladden.

FORMIDLING OG DIALOG

Det er eit mål at bygningar og bygningsmiljø det er knytt verneinteresser til, blir ivaretekne som ein viktig del av Vågå sin identitet og særpreg.

Formidling av kulturarven, med dei mange verneverdige landbruksbygningane gjennom profilering og dokumentasjon av kulturlandskapsverdiane i Nordherad, er ein del av dette.

I forvaltningsplan for Nordherad UKL og kommuneplanens samfunnsdel er det sett som eit mål at eit representativt utval kulturmiljø er i god stand og lagt til rette for ålmenta.

VERDISKAPING

Ein bygningsmasse i tilfredsstillande stand og aktiv bruk gjev grunnlag for lokal verdiskaping. Organiseringa gjennom Nordheradsprosjektet gjev eit godt utgangspunkt for dette.

I samsvar med mål i forvaltningsplan for Nordherad UKL og mål i kommuneplanens samfunnsdel skal det leggjast til rette for eit variert lokalt næringsliv som utnyttar og utviklar kulturlandskapsverdiane og skaper nye attraksjonar og tilbod med basis i ein rik kulturarv.

ØKONOMISKE STØNADSORDNINGAR

Dokumentasjon av verneverdiar gjennom ein kulturminneplan vil styrke søknader om økonomisk støtte til tiltak for ivaretaking av verneverdiane. Nedanfor er dei mest sentrale offentlege stønadsordningane kort omtalt.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar)

Formålet med SMIL-midlane er å ta vare på natur – og kulturminneverdiar i kulturlandskapet i jordbruket, samt redusere forureininga frå jordbruket. Tilskott kan m.a. gjevast til restaurering og istandsetting av verneverdige bygningar. SMIL-midlane blir løyvde gjennom jordbruksavtalen, og det er det ein avgrensa pott kommunen har til fordeling kvart år. Etterspurnaden har vore større enn tilfang av midlar. Kommunen avgjer søknadar om tilskott, utifrå lokale tiltaksstrategiar. Nordherad nyt i liten grad godt av desse midlane, da det blir gjeve stønad gjennom UKL-midlane til aktuelle prosjekt. Dersom UKL med tilhøyrande tilskottsmidlar opphøyrer, vil tiltak bli prioritert på lik line med søknadar frå resten av kommunen ut frå verneverdien på bygningar og bygningsmiljø.

Kulturminnefondet

Kulturminnefondet gjev tilskott til private eigarar av verneverdige kulturminner. Søknader blir behandla av Kulturminnefondet sentralt. Kva type verneverdige kulturminner som blir prioritert kan variere mellom år. Prioriteringar avheng av føringar i årleg tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet, samt styret og administrasjonen sine utvalde satsingar. Kulturminnefondet ser det som positivt at prosjekt får økonomisk bistand frå fleire støtteordningar.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL)

Gjennom Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er det sett kriterium for tilskott til investeringstiltak i Nordherad. I den årlege prioriteringa blir det lagt vekt på m.a. desse kriteria:

- Kor utsett og sjeldan bygningen/kulturminnet er
- Kor representativ og autentisk bygningen/kulturminnet er
- Verdi for dokumentasjon og historieforteljing
- Heilskaplege miljø
- Aktuell bruksverdi i næring
- Allmenn tilgjengelegheit og ev. bruk
- Føresetnader for ei vellykka restaurering
- Planlegging i fellesskap og samarbeid om gjennomføring

Tilskott til investeringstiltak i utvalde kulturlandskap blir behandla etter «*Forskrift om tilskudd til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap*». Tiltak må vera i samsvar med formålet med ordninga og måla i forvaltningsplanen for Nordherad.

For bygningar blir det gitt tilskott til tiltak for å sikre/reparere bygningskroppen med grunnmur, dørar/vindauge. Standardheving/innvendig opprusting fell utanfor, med unntak for driftsbygningar i landbruket. Bygningar med bevaringsverdi må ha ein tiltaksplan som tek antikvariske omsyn. Ein kan også få tilskott til kulturminne som ein ønskjer å sette i stand, sikre mot forfall eller synleggjera.

OPPSLAGSDEL/VEDLEGG

1. ORDFORKLARINGAR

Forklaring av sentrale ord som blir brukt i kulturminneforvaltinga.

2. GUDBRANDSDALSMUSEA SIN RAPPORT: «REGISTRERING AV BYGNINGAR I NORDHERAD 2016-17»

Rapporten gjer greie for registreringsarbeidet.

3. SAMLETABELL – VERNEVERDI FOR KULTURMILJØ OG ENKELTOBJEKT

Oversikt over verneverdi og ulike bygningstypar. (Vedlegg til Gudbrandsdalsmusea sin rapport).

4. REGISTRERING MED VERDIVURDERING FOR KVART GARDSTUN/BYGNINGSMILJØ

For kvart gardstun/bygningsmiljø er det gjort registrering og verdivurdering med bakgrunn i Riksantikvaren sin metodikk. (Vedlegg til Gudbrandsdalsmusea sin rapport).

